

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021

Lise-May Sæle, H, sette fram slikt alternativt forslag på vegne av H:

«Punkt 1

Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren om å engasjere ein ekstern part for å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke, og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 fekk inga røyster og fall.

Sæle sitt forslag til punkt 1, vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstillinga punkt 2 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren om å engasjere ein ekstern part for å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke, og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane.

2. Fylkesutvalet ber om at dei kommunale arkivinstitusjonane vert vektlagt i utgreiinga, men for å sjå heilskapen i arbeidet med samfunnsdokumentasjon og eldre og avslutta arkiv må utgreiinga også inkludere privatarkiv.